

1. referansegruppemøte i termisk fysikk TFY4165 - referat

Dato: 21.10.2025

Oppmøte: Jon Andreas Støvneng, Emil André Laboureau-Grande (BFY), Oliver Husby (MLREAL), Eivind Andreas Almlie (MLREAL), Helle Holmer Fredriksen (MTFYMA) og Isabella Juliana Mayorca Johansson (MTFYMA)

Ikkje møtt: Kristian Brandseth (BFY)

Referent: Emil André Laboureau-Grande

Neste referansegruppemøte er planlagt å vere tysdag veke 46.

Helle og Isabella la ut eit evalueringsskjema om emnet på førehand. Det var totalt 8 personar som svarte på skjemaet, hovudsakleg MTFYMA-studentar. Desse er stort sett nøgde med emnet.

Førelesingane:

Alt i alt nøgd med førelesingane, det er eit greitt tempo. Det er positivt med opptak av førelesingane ettersom praksis og førelesing kolliderer for MLREAL-studentar. Fleire studentar ønskjer fleire eksempel som er meir relevante til øvingane, samt fleire overskrifter/«knaggar» å feste det føreleste stoffet til. Det vert også uttrykt ønske om at formalar i formelheftet vert referert til i førelesingane det det er hensiktsmessig.

Øvingane:

Det blir tatt opp at øvingane har oppgåver som er vanskelege og oppgåver som er mindre eksamensrelevant enn andre. Nokre studentar har vanskeleg med å få til oppgåvene og er usikre på korleis ein skal gå fram for å løyse desse. Støvneng påpeikar at termisk fysikk ikkje er enkelt å forstå, og at det er derfor naturleg at oppgåvene er utfordrande. Det blir likevel vurdert om nokre av oppgåvene bør endrast og/eller fjernast ettersom nokre er mindre eksamensrelevante enn andre.

Nokon uttrykker ønske om obligatoriske øvingar. Om øvingsopplegget skal vere obligatorisk eller ikkje, er eit tema som har vorte tatt opp omtrent kvart år.

Øvingstimane vert sett på som nyttige og hjelpsame, og det vert sett på som positivt å ha vanskelegare øvingar enn eksamen.

Eksamen:

Eksamen vert mest sannsynleg flytta frå 29. november til veke 3, etter jul. Det vil ev. ikkje krasje med Åre.

Anna:

Positivt med eiga heimeside framfor Blackboard. Det er enklare og meir oversiktleg å bruke.